TRADE MARK

VOSS SKIFERBRUD A.S

Tlf. 055-17 154

Grunnlagt 1895

Taktekkjing med «Vossaskifer»

Råd og veiledning ved bruk av vossaskifer som taktekkjingsmatr.

Ved utforming, kvalitet og detaljar av undertak syner vi til :

NBI A 544.102 «Tekkjing med skifer».

Vidare syner vi til :

NS 3001 «Takvinklar».
NS 3420 «Rettleiande tekstar for bygg anlegg».

Materialar :

Skifermaterialar som skal nyttast til taktekkjing må vera av eldre leirskifer, kvartsittskifer eller glimmerskifer. Inneheld skiferen svovelkis eller jernoksyd, kan dette føra til misfarging og/eller forvitring. Metallisk klang i skiferen ved lette slag tydar på liten skifrigheit (stor tettheit) i matr. Avhengig av type og storleik varierar taksteinen i tjukkleik.
Før ein tek til med sjølve tekkjinga bør taksteinen alltid sorterast i 3 tjukkleikar dersom dette ikkje er gjort av leverandøren. (Vossaskiferen er alltid sortert, undanteke ruter og samfengd kvalitet).

Start alltid med den tjukkaste steinen ved rennekanten gå vidare over til medel og til slutt tynn nærast mønet, dette for å få eit jamnt og fint tak og vidare oppnå den beste styrkefordelinga.

Vi syner til fig. 1–3 som syner dei ymse typane takskifer.
A = hovedform, B = gavlstein og C = remser.

Undertak : (Jfr. NS 3001 og 3420)

Utføring :
Berande undertak har til føremål å fordela taklasta på sperrene. Vidare skal dette halda taket tett i byggeperioden. Til slutt skal det leia vekk fuktigheit frå kondens og event. skade/lekkasjar.

Som undertak kan nyttast rupanel, fuktbst. sponplater eller kryssfiner. Dimensjonar er oppgjevne i NS og er avhengig av sperreavst., takvinkel og snølast. Oppå undertaket legg ein underlagspapp. Er takvinkelen liten må ein stilla større krav til underlagspappens kvalitet. Stiftrendene med omlegg bør vera skjult av rektene, og omlegget limt.

Rekting :

Rektene er vanlegvis 12 x 26 mm (1/2" x 1"). Avstanden mellom dei underliggande rektene bør ikkje overstiga ein 1/2 senteravstand imellom sperrene.

Lekting :

Etter at underlagspappen og rektene er lagt skal dei horisontale lektene spikrast på rektene med varmforsinka stift. Det er desse som skal gje feste for skiferen og samtidig gje lufting mellom skifer og undertak. Dette vil hindra snøsmelting og ising i takfot og renne, og gir drenering av kondens og event. lekkasjar. Både dei horisontale lektene som dei vertikale rektene, skal ha 1/1 kant ned mot undertaket.



Fig. 1.

Prinsippskisse – Lappstein.



Fig. 2.

Prinsippskisse – Rektangelstein.



Fig. 3.

Prinsippskisse – Fasett/ruter.

I områder med stor snøbelastning og vanleg tjukkleik på skiferen, bør lektene vera 26 x 52 mm (1" x 2"), lagt med største sida mot rekta.
Første/nedre lekte skal leggjast i kant med loddbordet. For å oppnå same vinkel på første skift/ rast som på resten av taket må alltid den første lekta vera ei skifertjukn høgre enn dei øvrige. (Her passar det vanlegvis å leggja ei rekt saman med lekta).

Ved taktekkjing med dei største rutetypane og stor snøbelastning vil me tilrå at det vert nytta 26 x 78 mm. (1" x 3") lekter. (event. 1½" x 3").

Avstanden imellom lektene er avhengig av skifertype/ dimensjon og omleggets mål. (Sjå vedl. tabell).

Lekteavstanden L er avstanden frå skiferens nedre ende til spikarhakk minus omlegg. Omlegget bør ikkje vera mindre enn 57–78 mm. (2" for lapp, rekt. og ruter opp til 15", og 3" for ruter større enn 15").
Dette er teoretiske mål difor må ein alltid måla takets lengde og høgde og kontrollera at desse måla går opp og event. justera om nødvendig. På eit vanleg hustak skulle ein slik justering ikkje utgjera meir enn eit par mm imellom kvar stein.

Festing av skifer.

Skiferen vert festa med skiferstift i dei ferdigsaga hakka på lapp og rekt.stein og ferdigbora hola i rutene. Det skal nyttast 2 stiftar i kvar helle. Dimensjonen på skiferstiften må tilpassast etter rekte, lekte og skifertjukn, slik at ein unngår hol i underlagspappen.

Skiferstiften skal vera varmforsinka og er å få i fleire standard dimensjonar.

Døme på utrekning av stiftslengd :
S = skifertjukkleik
L = lektetjukkleik
R = rektetjukkleik

Maks. stiftlengd = St_m

$St_m = (S \times 2) + L + R$

MERK : Stiften må alltid vera nokre mm. kortare enn det teoretiske St_m.

Ein startar med å leggja skiferremser/laskar langs rennekanten. Desse skal liggja ca. 30 mm. utanfor nedre lekta, difor er avstanden imellom første og andre lekta ca. 26 mm (1'') mindre enn imellom dei øvrige. (For vanleg rutetekkjing er avstanden imellom fyrste og andre lekta, 26 mm større). (Sjå tabell). Lengda på remsene er 2 x breidda på lapp og rekt. stein. Høgda er 1/2 steinhøgd + omlegg. (Sjå fig. 1 og 2).

Gavlsteinen skal leggjast utpå gavlen i annankvar rast. Vannbord er ikkje turvande då skiferkanten på det ferdige taket skal gå nokre cm. utanfor vindski og danna ein rett fin kant. (Dette må justerast til i første rasta).
Gavlstein er 1½ x breidda på lapp og rekt.stein, medan høgda er lik. (Sjå fig. 1 og 2).

Renne/mønelåsken for rutestein har same diagonalbreidd som ruta, og høgda er 1/2 diagonal (spiss til spiss) + 1/2 omlegg.
Gavllasken har same diagonalhøgd som rutestein, (spiss til spiss) medan breidda er det 1/2 av den kortaste diagonalen. (Over dei avkutta hjørner). (Sjå fig. 3).

Kjøl :

Til kjøl nyttar ein remser/laskar av same type som dei ein byrjar med langs rennekanten. Det er ein gamal regel at den overliggjande remsa/lasken bør liggja på den sida av mønet som vender mot den mest verharde sida.
Det bør vidare passast på at den underliggjande remsa/lasken stikk ein tanke over kanten på mønet slik at den overliggjande ligg på kanten av denne og gir den beste tettinga samtidig som fuktigheit som måtte koma inn under remse/laske-kjølen kan renna fritt på undersida av overliggjande remse/lask og ned på underliggjande skifer.
Då det på remse/laske-kjølen er einaste staden på taket skiferstiften vert synleg må det her nyttast pakning som ein enten kan kjøpa ferdig. Eller ein kan, som frå gamalt av, nytta ein blystrimmel som ein på eine halvdel slår stiften gjennom og brettar til slutt den andre halvdelen over den nedslegne stiften.

Vossaskiferen vert **alltid** levert med saga hakk i lapp og rekt.stein, og 8 mm. hol i rutestein, dersom anna ikkje er avtala.
Frå gamalt av vart det nytta øks til å slå hakk med, ved å halda steinen vertikalt på eit støtt underlag.
I dag vert ofte vinkelslipar nytta. (Ved bruk av sistnemnde bør det nyttast vernebriller og vatn for å binda støvet).
Som eit 3. alternativ kan ein slå hol med ein dor. (Dette krev ein del trening). Som mothald kan det eks.vis nyttast kanten av ein øksehammar. Enkelte legg hella mot låret og slår hol på den måten.
For uerfarne er den sikraste måten å nytta boremaskin med slageffekt og spesialbor.

Til alle typar/storleikar leverar me ferdig tilskanta remser/fotstein og gavlstein til lapp og rekt.stein, og renne- og gavllaskar til ruteheller. Desse vert ikkje lev. med hol då ein her bør stå fritt med hensyn til justering.

Me syner til NBI A544.102, når det gjeld avslutning mot piper og kanalar.